

Bokn Bygdablad

Nr. 4 mai/juni 2012 – Årg. 27



Noregsmeister – s. 3



Må rivast – s. 14



I bruk – s. 19



www.bygdabladet.no

KJERT PÅ **BOKN**





RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Vegnamn

I byrjinga av 2000 innførte Bokn kommune namn på dei lokale vegtraseane i bygda som grunnlag for å etablere adresseparsellar og for å kunne gi eit logisk oppbygd adressesystem i kommunen. Saka blei likevel hengande i lufta etter at enkelte vegnamn blei tatt ut igjen nokre år seinare. I møte den 15. mai gjorde formannskapet vedtak om å ta tilbake nokre av dei opphavlege vegnamna. Desse er Dagslandsvegen, Hålandsvegen, Krovågen, Bakken, Stølsvegen, Stabburvegen, Lyngvegen og Leirgrov.

Som i andre kommunar handlar stadnamn om engasjement og sterke meiningar. Vegnamn er sterkt knytt opp mot tilhøyre og identitet. I tillegg er vegskilting ein viktig måte å halda i hevd gamle stadnamn som elles ville ha gått ut av daglegtalen. Med vedtaket som formannskapet gjorde i vår, håpar eg dei siste brikkene har falt på plass i forhold til dette temaet.

Vegnamna skal endeleg godkjennast av kommunestyret og nye husnummer må tildelast aktuelle husstandar. Det er uvisst når dette kan skje, men skilta med dei nye namna ligg klar og kan monterast opp på kort tid. Deretter vil det vera ein overgangsperiode på omlag to år der dei nye namna blir fasa inn i ulike kartdatabasar.

Hålandssjøen

Arbeidet med å få ferdigstilt moloen i Hålandssjøen går nå inn i sluttfasen. I fjor fekk Bokn kommune ført steinmasse frå T-sambandet til moloanlegget, og nå gjenstår arbeidet med mellom anna plastring. I tillegg skal ein grava opp massar på innsida av moloen som ligg så grunt at dei hindrar bruken, og ein skal føra fram vatn og straum. Molotoppen skal også plane- rast og få toppdekke.

Kommunestyret løyvde i møte den 17. april midlar til å planlegga og gjera ferdig moloen og landområdet ved moloestet. Planen skal visa bruken av båthamna på sjø og land og leggja til rette for parkering og fellesnaust med boder. Anbudet på arbeidet med å ferdigstilla moloen blir sendt ut i løpet av sommaren. Sjølve arbeidet bør kunne setjast i gang i løpet av hausten.

I tråd med kommunestyrevedtaket blir det i desse dagar laga til forslag til avtale med Bokn Båtforening om langtidsleiga der båtforeninga skal administrera vidare utleige. Det er sett som ein føresetnad at innskot og leige frå brukarane skal bera kostnadane som båtforeninga har på ein relativ andel av kommunen si investering i området.

Brannsamarbeid

Det blir i desse dagar inngått ein ny samarbeidsavtale mellom Bokn kommune og Tysvær kommune når det gjeld brannvern- og feiing i Bokn. Bakgrunnen for dette samarbeidet, er behovet for auka fagleg kompetanse i forhold til beredskap, tilsyn og ressurs- tilgang. Ein ser at det frå sentralt hald blir stilt stadig strengare krav til leiging og brannmannskap. I Bokn kommune har ein fram til nå hatt medarbeidar med denne kompetansen, men det har blitt stadig vanskelegare å kombinera brannsjefrolla med andre arbeidsopp- gåver.

Tysvær kommune vil etter den nye samarbeidsavtalen ta over brannsjef- oppgåvene for Bokn. Dette inneber at Tysvær kommune skal utføra ein del av dei oppgåvene Bokn kommune er pålagde etter Brann- og eks- plosjonsvernlova. Dette inneber også at Bokn brannvesen blir innlemma i etablert brannbefalsordning i Tysvær kommune.

Denne avtalen er eit nødvendig steg i retning av eit tettare interkommunalt samarbeid mellom brannetatane på



Dagslandsvegen-namnet er blant veg- namna som blir tatt tilbake.

Haugalandet. Ei stadig innskjerping av krav til kompetanse hjå brannmann- skapa gjer det naudsynt å søke saman mot eit tettare samarbeid på tvers av kommunegrensene. Det har tidlegare blitt forsøkt å etablere eit interkommu- nalt brannvesen i vår region etter mo- dell frå Sør-Rogaland, men utan at ein til nå har lukkast.

Spesielt med tanke på nye samferdsle- prosjekt som vil kome dei neste åra, med lange undersjøiske tunnelar i T- sambandet og Rogfast, trur eg tida er moden for kommunane på Haugalan- det å søke saman i eit interkommunalt brannvesen. Bokn blir vertskommune for tunnelinnslaget til Rogfast i nord og får ansvaret for brann- og redning i sin del av den undersjøiske tunnelen. Det- te er oppgåver som ville vore utford- rande sjølv for større kommunar, men kan også opna dører for nye aktivitetar i Bokn, slik som til dømes etablering av eit beredskapssenter i Arsvågen der naudetatane kan samlokalisera.

Det er i gang tverretatlege samtaler om dette emnet der Bokn kommune sjølv sagt er representert. Eg håpar planlegginga rundt Rogfast-prosjektet kan vera brekkstanga som vippar på plass den mest framtidretta organi- seringa av brannberedskapen i regio- nen: Haugaland Interkommunale Brannvesen.

Ordføraren

Juliutgåve

Av ulike grunnar blei mai-utgåva så forseinka i år at det vil bli trykt eit blad i juli (nr. 5). Ferieavvikling ved trykkeriet gjer at dette bladet vil koma ut i starten av august.

Arbeidsrutinene rundt Bokn Bygdablad er ganske sårbare, i alle fall så lenge

alle bladets ressursar er lagt til ein person. Det er ikkje mykje som skal til før opphopping av andre arbeids- oppgåver medfører utsettingar i det kontinuerlege arbeidet med det neste nummeret.

Til dei som ringer og etterlyser bladet, og som ikkje har adgang til bokn.no, vil eg gjenta at alt som blir lagt på in- ternett også kjem i bladet. Unntaka er kunngjeringsar og påminningar av

arrangement som går av stabelen før bladet kjem ut. Dessutan er det mykje som berre står på trykk i pa- pir-versjonen, og slik vil det vera så lenge me har Bokn Bygdablad i maga- sin-versjon.

- redaktøren -



Fortau ved Boknatun

Tekst: Kyrre Lindanger - foto: Jardar Havikbotn

Bokn kommune blei i 2011 tildelt trafikkisringsmidler av Rogaland fylkeskommune til opparbeiding av mellom anna fortau og oppsetjing av gatelys. Hausten 2011 blei stolpar og nye gatelys satt opp langs vegtrasèen i den øvste delen av Knarholmen og langs sykkel- og gangvegen som fører fram til busshytta ved E39 i Alvestadkroken.

Vinteren 2012 blei det laga fortau nord for biblioteket i Føresvik. I løpet av juni blir arbeidet slutført ved at fortau også blir laga langs den nordlegaste delen av Boknatunvegen, frå krysset Boknatun og ned til krysset Leirgrovvegen. For å få plass til fortauet har det vore naudsynt å utvida eksisterande veg til fem meters breidd.

Fortauet er planlagt opparbeida på den austre sida av veggen som ei naturleg forlenging av fortauet lenger sør, slik at gåande slepp å kryssa veggen. Odd Grønnestad er entreprenør og



13. juni var det full aktivitet ved Boknatun.

prosjektet, saman med den søre delen av fortauet og gatelysa i Knarholmen

og Alvestadkroken, har ei budsjettreme på 300.000 kroner.

Sport

U23-noregsmeister i halvmaraton

Jardar Havikbotn

Langdistanseløpar Janne Elin Vatnaland fortset å imponera. 2. juni deltok ho i sitt første friidretts-NM, og gjekk rett til topps.

Halvmaraton-NM blei avvikla på Hegra i Stjørdal. Løypa var relativt flat, og bortsett frå vind var det flott vær å springa i.

- Nesten gjennom heile løpet sprang Janne Elin taktisk smart i motvinden, i rygg på høgreste menn i herrenes veteranmeisterskap. Etter 15 km hadde ho kome seg opp frå 6. til 3. plass, og på dei flate strekka mot mål fekk boknaren augekontakt med Strindheims Katrine Høhner (som med 1.26.23 som fjorårsbeste hadde meir enn 4 min. betre bestetid enn Janne Elin). Med ei super avslutning tok Janne Elin seg i mål på 1.27.22, seier treningrådgjevar Einar Søndeland til Bokn Bygdablad.

Framgang

GTI Stavanger-løparen sette med det ny personleg rekord med over 3 minutts forbetring. Og det var berre NM gullvinnar i kvinner senior, Anne Jorunn Hodne (1.20.11), som var betre blant damene. Einar Søndeland fortel at 20-åringen frå Bokn møtte Hodne under Bergen halvmaraton i mars, og gjennom fellesskap rundt langbordet på Fana stadion, seinare trening, Holmenkollstafett og NM-planar, fekk ho Janne Elin inspirert til å auka på med trening inklusiv morgontur-springing av og til.

- Det ser ut til at det eg gjer nå fungerer, og eg vil sjølvsagt prøva å fortsetta framgangen, seier Janne Elin fornøgd.

Bokn har fått sin første individuelle norske meister i friidrett, og i følge treningsrådgjevaren har anerkjent norsk friidrett merka seg Janne Elins raske frammarsj som ung langdistanseløpar.

- Men det er framleis - og vil alltid berre vera ein hobby ved sida av studiene, avsluttar Janne Elin Vatnaland.



Janne Elin Vatnaland blir junior-noregsmeister i NM-debuten.

Bokn Bygdablad sluttar seg til gratulantane!

Ny rettleiar ved NAV Bokn

Jardar Havikbotn

Anne Berit Gilje begynte som rettleiar (50% stilling) ved NAV Bokn 10. april.

59-åringen frå Grimstad flytta til Karmøy i fjor sommar, saman med sambuaren som er karmøybu. Ho har også ein vaksen son. Ukjent med Bokn er ho ikkje. På hytta i Jøsen har ho vore veldig mykje dei siste 15 åra, i feriar og helger. Og når ho er på jobb i Bokn, bur sørlendingen på hytta.

Variert bakgrunn

Anne Berit har ein brei og variert bakgrunn. I seks år jobba ho i bokhandel. Då tok ho også bokhandlarskule og handelsskule. Ho har jobba i barnehage, og har tatt parkleiar kurs. Så jobba ho på eit bibliotek. Anne Berit var også mange år i tannhelsetenesta før ho tok sosionomstudiet.

I 1995 begynte sosionomen i barneverntenesta i Grimstad kommune, kor ho var til i fjor. Der blei det også vidareutdanning i barnevern og innan rettleiingsterapi for foreldre med barn med store åtferdsproblem, og saman med ein kollega hadde ho ansvaret for å implementera denne metoden i Grimstad kommune. Det gjekk ut på å utdanna andre og driva rettleiing og konsultasjonar i skule og barnehage, og andre som jobba med barneutfordringar.

Sosialhjelp

Anne Berit er kommunalt tilsett og har ein del av dei same arbeidsoppgåvene som Reidar Alvestad hadde, nærare



Rettleiar ved NAV Bokn, Anne Berit Gilje.

bestemt sosialhjelp og andre sosiale oppgåver innan helse og omsorg. Ho fortel at ho trivst veldig godt med å jobba i Bokn. Dei utfordringane ho har støtt på til nå er av teknisk art, og handlar om ulike programvare innan edb i Grimstad kommune og Bokn kommune.

- Eg må bruka ein del tid på å setta meg inn i programvaren, rett og slett, seier ei som er veldig glad i naturen. Den litteraturinteresserte dama likar også å lesa om naturen, då får ho endå større naturopplevingar når ho går turar i Bokn eller på Karmøy, fortel ho.

Også er ho lidenskapleg opptatt av sopp. Det er ho god på, skyt ho inn.

- Og det må eg jo også vera, kjem det med eit smil.

Anne Berit er også glad i song og musikk, og har sunge i kor. Ho les også mykje krim og biografier. Bridge spelar ho gjerne, på selskapeleg nivå, så viss nokon manglar ein partner er det berre å ta kontakt.

- Ja, også er eg "vanngal", eg må ha vatn i nærleiken, seier sørlendingen, som alltid har vore glad i vatn, og som sjølv sagt er mykje på sjøen, anten i seglbåten på Karmøy, eller skjærgårdsjeepen i Jøsen.

Ho har kontor i NAV Bokn si avdeling i første etasje på Boknatun. Du treffer henne tysdagar, onsdagar og annakvar fredag (i partalsveker), på tlf. 52 04 88 98. Opningstid: 09.00-14.30.

Kald og våt grunnlovsdag

Jardar Havikbotn

Det blei trongt om plassen på skulen 17. mai, då det ikkje frista folk å vera ute i det sure véret.

Kuling og regnbøyer hindra likevel ikkje at det tradisjonelle programmet blei gjennomført etter planen, men med mindre folk på dei ulike stadene.

Det var så vidt dei i flaggborgen greidde å halda flagga og seg sjølve oppreist då vind og regn heldt ei skikkeleg piskestund akkurat då folka skulle ut av kyrkja og stilla opp til tog. Dessverre skulle den bøya halda på til toget var kome eit stykke på ruta si, og det blei ei utfordring å gå og spela denne dagen, særleg for dei mest uerfarne.

Etter konserten foran sjukestova, var det svært få som blei med toget vidare ned til kapproinga i Føresvik (berre



I det sure véret hadde Austre Bokn Bygdalag flytta spikerkonkurransen sin under skuret ved hovudinngangen til skulen. (Fotoalbum frå dagen på bokn.no under Bilder.

barnehagen). Forståeleg, men lite inspirerende for ro-arrangøren.

På skulen måtte 9. kl. m/for., i samarbeid med rektor, klargjera fleire rom slik at alle kunne setta seg ned med maten. Likevel var det færre folk på arrangementet i år enn i fjor. Det som var igjen av lapskaus fortalde oss det.

Formann i årets 17. mai-komite, Kyrre Lindanger, losa forsamlinga gjennom første del av det offisielle programmet. Her heldt Finn Bårdsen festtalen. Den tidlegare soknepresten

i Bokn er ein flink talar, og løyste utfordringa med å fletta inn dei tradisjonelle nasjonaldag-klisjéane på ein framifrå måte.

Forandring frydar

heiter det, og årets 17. mai-komite tok nokre nye grep som dei håpar blir ein del av tradisjonen framover.

Det mest synlege var vel alle flagga på lyktestolpane langs togruta, 150 flagg til saman. Ved minnesteinen over dei falne under krigen, ved kyrkjeporten, var det lagt ned blomar. Dei fleste pokalane som blei delte ut på slutten av dagen, var av den nye

typen der ein skiftar ut symbol og årstal, noko som hindrar svinn, samtidig er dei flotte å sjå på.

Nytt var det også at Bokn båtforening arrangerte kapproing for barn i Føresvik indre hamn, noko me også håpar blir ein tradisjon.

Det var også konkurranse blant klasane i toget om kven som hadde best song/heiarop. Her vann 3. klasse. Premien er ein tur til Leo lekeland på Raglamyr inkl. mat/drikk (Verdi om lag kr. 2500,-). Bokn kommune stiller minibuss + sjåfør til disposisjon.

Næringsliv

Frå Utsira til Kro

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kari Christensen

I mai var over 20 barn, ungdommar og vaksne frå Utsira samla til langhelg på Krovågen hestesenter.

På programmet sto både ridning, innvendig klatring i vegg, gymkhana og volleyball, dessutan tid til fellesskap og sosialt lag. I år blei det planlagde padlekursset med kajakk avlyst på grunn av sterk vind, og erstatta med svømmehallbesøk i Akسدal.

På fjerde året

Kari Christensen fortel at det er fjerde året på rad elevar frå Utsira skule satsar på "øyhopping" til Bokn. Deltakarane overnattar på garden i Kro og deltar i frokostlaging, foring av dyr, hestestell og



Det er fjerde året på rad elevar frå Utsira skule satsar på "øyhopping" til Bokn.

andre praktiske gjeremål. Helga blir toppa med den tradisjonelle volleyball-

turneringa, etterfulgt av Kro-koladekake.

Bokn Taxi er oppegående

Jardar Havikbotn

Dårleg telefondekning lagar trøbbel for Bokn Taxi. Ring 52 777 777 viss du ikkje kjem gjennom på 52 777 682.

Fleire stader på Bokn har dårleg telefondekning, og Helga Dagsland i SkjoldstraumenTaxi/Bokn Taxi fortel at det går rykter om at Bokn Taxi er lagt ned. Dette er ikkje tilfelle. Bokn Taxi er oppe og går, og er nå stasjonert på Gunnarstad. Kjetil Dagsland køyrer ikkje lenger taxi, og det er Jarle Jøsang som har tatt over. Helga Dags-

land køyrer også ein del i Bokn.

Fleire telefonnr.

Ho seier at folk må ringa 52 777 777 dersom dei ikkje kjem gjennom på 52 777 682. Telenor jobbar med saka, og Dagsland håpar at dette snart kjem på plass.

- Eg har satsa mykje i Bokn, og det er synd viss dårleg telefondekning skal hindra oss å gi eit godt taxi-tilbod, avsluttar Helga Dagsland.

Bokn Taxi, som begynte 3. oktober i fjor, har plass til åtte personar, og er



Dårleg telefondekning lagar trøbbel for Bokn Taxi.

disponibel alle dagar, 24 timar i døgnet.

1. Kommunale avgifter og eigenandelar for 2012			
Kommunale avgifter	2011	endring	2012
(sats pr. år der ikkje anna er oppgitt)	(inkl mva)		(inkl mva)
Slamavgift	858	5 %	900
½ slamavgift	430	5 %	452
¼ slamavgift	224	5 %	235
½ slamavgift 8m3 tank	608	5 %	638
Slamavgift 12m3 tank	1 216	5 %	1 277
Slamavgift 6m3 tank	788	5 %	827
Slamtømming utanom ordinære tømmerutiner			etter faktura
Feiing og brannsyn			
Feiing kvart år	643	6 %	680
Feiing pr. pipe (kvart 2.år)	429	1 %	433
Feiing pr. pipe (kvart 3.år)	356	1 %	360
Feiing pr. pipe (kvart 4.år)	322	1 %	326
Tilsyn med gassformig	214	2 %	218
Feiing hytter pr feiing.	643	1 %	650
Renovasjon			
Renovasjonsavgift standard	2 978	4 %	3 097
Lite renovasjonsabonnement	2547	4 %	2 646
Stort renovasjonsabonnement	5 872	4 %	6 108
Abonnement.m/stor	5 297	4 %	5 511
Abonnement m/stor papirdunk	3 272	4 %	3 403
Hytte renovasjon	1 834	5 %	1 921
Ekstra henteavstand inntil 30m	1534	0 %	1534
Kloakk			
Kloakkavgift inntil 250	3 230	5 %	3 392
Kloakkavgift Hytte o.a.	1 615	5 %	1 691
Tilknytningsavgift kloakk	25 000		25 000
Tilknytning avløp utanom	6 250		6 250
Vatn			
Tilknytningsavgift vann	25 000		25 000
Tilknytning vatn utanom	6 250		6 250
vannavgift bolig	4 952	5 %	5 199
Vannavgift gardsbruk	7 923	5 %	8 319
Vannavgift hytte oa.	2 470	5 %	2 594
innstallasjon av vannmålar	901	5 %	946
Fast abn.gebyr vatn	1 748	5 %	1 835
Forbruksgebyr vatn pr.kbm	13	5 %	14
Leige av vannmålar tom	450	5 %	473
Leige av vannmålar 25-50mm	901	5 %	946
Leige av vannmålar 51-	1 622	5 %	1 702
Leige av vannmålar større	7 207	5 %	7 568
Bygdablad			
			(inkl. mva)
Abonnement papir el.PDF	350	10 %	385
Abonnement papir +.PDF	500	10 %	550
Annonse: 1/8 side	125	10 %	138
Annonse: halvside	375	10 %	413
Annonse: heilside	625	10 %	688
Annonse: kvartside	188	10 %	206
Fastann.etter avtale	625	10 %	688
Fastann.etter avtale	1250	10 %	1 375
Privatannonse	63	10 %	69
Barnehage			

Kommunale avgifter og eigenandelar for 2012 - framhald

11 betalingsterminar endringstidspkt fra 1.aug.2012	pr.01.01.11	endring	
Heildag - 5 dg/veke	2 330		
Heildag - 3 dg/veke	1 398		
Heildag - 2 dg/veke	932		
Kost 5dg/veke	225		
Kost 3 dg/veke	155		
Kost 2 dg/veke	120		
Dagplass	200		
kost dagplass	10		
Diverse sal			
		endring	
Bygdabok pr. bind.	450		450
CD v/Spurkeland	150		150
Boknaspenna nål / smykke	1 100,-		1 100,-
Krus	75		75
Haug og heidi / Boknakyrkja	50		50
Kopiar svart/kvit ant.1-100	0,50		0,50
Kopiar svart/kvit ant.101-xxxx	0,30		0,30
Kopiar farge ant. 1-100	2,00		2,00
Kopiar farge ant. 101-xxxx	1,50		1,50
Plastlaminering	10,00		10,00
Musikkskulen			
		endring	ingen mva
Einetimar (20 min)	666	5,00 %	693
Einetimar (30 min.)	998	5,00 %	1 038
Delt time (20 min)	333	5,00 %	346
Delt time (30 min.)	499	5,00 %	519
Instrumentalgrupper	686	5,00 %	713
Leige instrument	322	5,00 %	335
sang, dans,drama	530	5,00 %	551
fastsette brukarbetaling for			
Søskenmoderasjon 30% på			
Søskenmoderasjon barnehage 50% (på rimelegaste tilbud)			
Søskenmoderasjon SFO 30% (på rimelegaste tilbud / også i kombinasjon med barnehage)			
SFO - takstendring fom 1.08.2012			
10 betalingsterminar (bet.fri. juni og juli)	2010/2011	endring	2011/2012
Heil plass skuledagar	2 054	5,00 %	2 136
Heil plass skuledagar +	3 031	5,00 %	3 152
Skulefridagar	977	5,00 %	1 016
5 dg/u. Før skulestart	685	5,00 %	712
5 dg/u Frå skuleslutt til 1410	315	5,00 %	328
5 dg/u Frå 1410 til 1630	1 054	5,00 %	1 096
3 dg/u. Før skulestart	398	5,00 %	414
3 dg/u Frå skuleslutt til 1630	614	5,00 %	639
2 dg/u. Før skulestart	284	5,00 %	295
2 dg/u Frå skuleslutt til 1630	440	5,00 %	458
Frukost alle dagar	193	5,00 %	201
Frukt alle dagar	0		

Kommunale avgifter og eigenandelar for 2012

Pleie og omsorg			
	2011		2012
Opphald og hjelp i heimen fylgjer dei maksimalsatsane		Maksimalt vederlag pr.	
Kostnad pr. liggedøgn (forutsetning for	2 232		2 232
Dag/natt opphald	66	0 %	66
Døgn opphald	125	0 %	125
Heimehjelp timar inntil 2 G	40	1 980	40
Heimehjelp timar 2G-3G	46	6 000	46
Heimehjelp timar over 3G	66	9 000	66
Middag	55		55
Middag dagsenteret	55		55
Husleigeinntekter			
Husleiga på kommunale bustader vert indeksregulert 1.10. med			
Husleiga på omsorgsbustader er vedtatt uforandra inntil			

Tiltak som krev søknad om løyve etter pbl § 20-1

	2011		2012
Fritidsbustader i regulert	5 670		6 350
Fritidsbustader i uregulert	7 560		8 467
Driftsbygningar/ landbruksbygg over 1000 m2 BRA	7 938		8 891
Mellombels bygg og anlegg som skal stå meir enn 2 år	2 835		3 175
Bryggje, molo m.m.	2 835		3 175
Brønn, basseng dam	2 835		3 175
Garasje, naust, uthus, redskapshus og liknande	2 835		3 175

Kommunale avgifter og eigenandelar for 2012 - framhald

Nybygg med bruksformål industri, forretning, kontor, lager, off.bygg m.m	7 938		8 891
Fasadeendring o.l., tilbygg BRA over 50 m2	3 780		4 234
Bruksendring	1 890		2 117
Riving	1 890		2 117
Byggeteknisk installasjon, pipe, heis og liknande	1 890		2 117
Oppdeling/ samanføring av bustadeiningar	1 890		2 117
Innhegning mot veg, skilt eller reklame	1 890		2 117
Frådeling av eigedom	1 890		2 117
Vesentleg terrenginngrep	1 890		2 117
Veg og parkeringsplassar	1 890		2 117

Tiltak som krev søknad og løyve etter pbl § 20-2 og som tiltakshavar

Mindre tiltak på bygd eigedom	760		1 270
Alminneleg driftsbygning i landbruket opp til 1000 m2 BRA	1 260		2 117
Mellombels bygg og anlegg som skal stå mindre enn 2 år	760		1 270
Fasadeendring og liknande, tilbygg opp til 50m2 BRA	760		1 270

Kommunale avgifter og eigenandelar for 2012 - framhald

Garasje, naust, uthus, reiskapshus og liknande opp til 70 m2	756		1 270
--	-----	--	-------

Andre gebyr

Dispensasjon etter pbl § 19-1	2 520		4 234
Løyve til å setja i gang	1 260		2 117
Minstegebyr, andre slag arbeid	1 260		2 117
Utsleppsløyve for nye og rehab. av private avlaupsanlegg	1 890		3 175
Godkjenning av ansvarsrett utan sentral godkjenning	1 008		1 693
Godkjenning av ansvarsrett med sentral godkjenning	-		
Tilleggsgebyr for ulovlege tiltak som kommunen blir merksam på og som ein må forfølgja. Gebyret kjem i tillegg til andre byggesaksgebyr	5 000		8 400

Plansaker etter pbl kap. 12

Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde under 20 daa	13 800		33 600
--	--------	--	--------

Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde 20 - 50 daa	13 800		56 000
Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde over 50 daa	13 800		78 400
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde under 20 daa	13 800		56 000
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde 20 - 50 daa	13 800		78 400
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde over 50 daa	13 860		100 800
Mindre reguleringsendring	3 780		11 200

Nytt gjerde på stadion

Tekst: Kyrre Lindanger - foto: Jardar Havikbotn

Firmaet Haaland & Karlson jobbar i desse dagar med å montera nytt gjerde rundt Føresvik stadion.

Det gamle tregjerdet frå 70-talet er tatt ned og blir erstatta av eit såkalla "Hydro gjerdesystem". Dette er identisk med gjerdeanlegget som i dag er montert rundt barnehagen og er eit komplett system i aluminium med stjernestolpen som basis.

Stolpane er produsert i sjøvannsbestandig aluminium og er spesielt gunstig i forhold til korrosjon. Saman med flettverksnetting mellom stolpane og rekkverk øvst, får ein eit gjerdeanlegg som skal kunne stå minst like lenge som det forrige gjerdet.

Prosjektet har ei budsjettamme på 100.000 kroner og gjerdet skal vera ferdig montert i løpet av juni.

13. juni blei gjerdestolpane støypte ned.



Husnemnd og forbrukernemnd

Medlemmer:
Bernt Øvrebø
Roy Olsen
Helge Kristian Nilssen
Wenche Havikbotn
Ingrid Jøsang

Varamedlemmer:
Ann Jeanette S. Olaussen
Vidar Grønnestad
Ingrid Håland
Harry Hognaland
Tor Kjell Foss

Sekretær: Reidar Alvestad

Dersom denne nemnda ikkje er lovbestemt legges denne ned.

Utsending til kommunenes sentralforbund

Ordførar

Vara: Varaordførar

Administrasjonsutval

Formannskapet bortsett ifrå Arne Hosaas og Tormod Våga, + representantar frå organisasjonane.

Haugaland Vekst IKS

Styremedlemmer:
Ordførar - pers.vara: Trond Nedrebø
Anne L. Faye - pers.vara:
May Jorunn Vatnaland

Representantskap:
Lars Norekvål - pers. vara: Edgar Våge
Tormod Våga - pers.vara: Sonja Mikkelsen

Vinterlandbrukskolens styre

Medlem:
Ronny Taraldlien

Varamedlem:
Hanne Marte Vatnaland

Styre for bompengeselskapet "Haugalandspakken"

Medlemmer:
Anne L Faye
Johannes Nilssen

Varamedlemmer:
Eiliv L Staalesen
Hanne Marte Vatnaland

Klientutval

Formannskapet, bortsett ifrå Ann Jeanette S. Olaussen og Arne Hosaas.

Psykisatri/brukarrådet:

Oppnemnes av rådmann

Alle nemnder og politiske verv 2011 - 2015 vil bli samla på bokn.no

Kontrollutvalet informerer

Har du ein sak du meiner kontrollutvalet bør sjå nærare på, kan du kontakta leiar av utvalet Daghild Alvestad (dgalve06@hotmail.com) eller sekretariatet (95 98 69 79/77).

Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan, og har difor ikkje høve til å handsama klager på enkeltsaker. Kontrollutvalet kan likevel på eige initiativ eller på bakgrunn av konkrete saker vurdere om kommunen sine egne retningslinjer eller sentrale lover/føresegnar blir følgde av forvaltninga.

Utvalet har valt å halda møta for lukka dører, men møtebøkene er offentlege, med mindre det er opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt.

Sekretariatet

Kontrollutvalet har eit uavhengig sekretariat som ikkje er knytta til kommunen eller til revisjonen. Sistnemnde er dei som utfører revisjon/kontroll etter bestilling frå utvalet.

Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS er sekretariat for i alt 10 kommunar på Haugalandet (Etne, Bokn, Haugesund, Karmøy, Sauda, Sveio, Suldal, Tysvær, Vindafjord og Utsira). Sekretariatet har to tilsette og har kontorlokala sine i Aksdal (Tysvær rådhus).

Sekretær for Bokn kontrollutval er kontrollutvalsrådgjevar Toril Hallsjø (tha@kontrollutvalgene.no). E-postadressa til utvalsleiar er dgalve06@hotmail.com

Nærare info sjå også www.kontrollutvalgene.no

Vedlikehald av stinettet

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Wenche L. Havikbotn

2. juni rydda og merka 9. kl. m/ foreldre ein del av stinettet frå Føresvik. Inntektene gjekk til studieturen deira i 10. kl.

Me var heile 20 stk. og fordelte oss på desse rutene:

- Turstien
- Sølvsbrekk - Borgenvik
- Borgenvik - stikryss mot Boknahåve
- Frå turstien, opp Stoggdalen til

stikryss mot Boknahåve

Allerede dagen etter låg det ei koseleg melding frå ein takksam turgåar på Facebook, noko som tyder på at arbeidet var vellukka. Det heile blei utført med eit smil i det flotte véret.

Etterpå var det grillfest, saman med kontaktlæraren, på leikeplassen i Føresvik. Kjekt og sosialt, og med ein god følelse over å ha utført ei god handling for bygda.




RASTEPAUSE I STOGGDALLEN: Fv. Joar Øvrebø, Simen Havikbotn, Jardar Havikbotn, Olav Rossebø, Ellen Johannessen og Sofie Rossebø.

Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 4 1992

BOKN HANDELSLAG FORNYAR SEG



Til pinse vil Bokn Handelslag framstå i heilt ny utgåve. Heile butikken skal oppussast og ominnreiast. I tillegg er det i gong påbyggingsarbeid for nytt inngangsparti. Dette skal leggja til rette for funksjonshemma, og det blir åpnings- og lukkemekanisme styrt av fotoceller. Det er styrar Annbjørn Sunde som fortel dette til bygdabladet.

Jernvareavdelinga skal i hovedsak flyttast inn i den "gamle" butikken. Her skal det også seljast landbruk-sartiklar o.l.

Det vil såleis bli betre plass til daglegvarer i sjølvve hovedbutikken. Her skal alt ominnreiast. Reolane

skal gå i lengderetninga av butikken. Kassane skal flyttast til nordre hjørne ved det nye inngangspartiet. Vidare skal frysevarekapasiteten doblast, og kjølekapasiteten skal aukast med 40%.

Kostnadsoverslaget på ominnreiinga og fornyinga er på ca. kr. 600.000,-

Bokn Handelslag vil samarbeida med Bokn kommune når det gjeld ein opprustningsplan for sentrumsområdet i Føresvik. Saman med opprustninga av handelslaget håpar styrar Annbjørn Sunde at Føresvik vil stå fram som meir attraktivt både for kundar på handelslaget, for reisande og andre som har ærend i Føresvik.

Fra barnemunn:

For å få kjærligheten til å vare er det viktig å være en god kysser. Da kan det hende at kona di glemmer at du aldri tar ut søpla. (Gutt 8 år)

Folk som er forelsket holder hverandre i hendene så ikke ringene skal falle av, for de koster mange penger.

(Jente 7år)

En hestekraft er den energien som trengs for å trekke en hest fem hundre meter på ett sekund. (Gutt 10 år)

En vibrasjon er en bevegelse som ikke vet hvilken vei den skal gå. (Gutt 8 år)

Vann plystrer ved hundre grader. (Gutt 9 år)

Sopp vokser på fuktige steder. Det er derfor de ser ut som paraplyer. (Gutt 8 år)

Et vingfang er lengden av en fugl på tvers. (Jente 7år)

Kilde: Internett

Brukjenning i Alvestadkroken

Tekst: Kyrre Lindanger - foto: Jardar Havikbotn

Alvestadkroken-bru skal rivast og ny skal byggast til hausten.

Brua som går over E39 i Alvestadkroken har blitt påkjørt fleire gonger dei siste åra. Dette har ført til innsnevringar i kjørebana over brua. For om lag to år sidan kjørte ein trailer med for høg last under brua frå nord og laga skader i ein av betongbjelkane. I vår smalt det igjen, denne gangen frå sør, då ein semitrailer med for høg last kjørte under brua. Konklusjonen etter den siste påkjøringa var at berre fem av betongelementa var heile. Likevel er det ingen fare knytt ved å halda brua open for kjøretøy med akseltrykk opp til 3,5 tonn.

Plasstøpt bru

Statens vegvesen hadde planlagt å bytta ut bjelken som var blitt øydelagd ved den fyrste påkjøringa. Arbeidet skulle setjast i gang like før den siste påkjøringa. Bjelken var satt i bestilling, men ikkje produsert. Alvestadkroken-bru er nå vurdert som såpass svekka at ho nå må rivast og ny må byggast. Det mest aktuelle er å laga ei plassstøpt bru. Dagens bru er høg nok etter gjeldande forskrift, men ein vil vurdere å lyfta den nye brua noko.

Statens vegvesen si ressursavdeling har satt i gang prosjektering av ny bru. Når dette arbeidet er ferdigstilt vil brubygginga bli lyst ut på anbod. Ein hadde håp om å starta opp arbeidet i løpet av sommarferien, men i fylgje



I vår smalt det frå sør, då ein semitrailer med for høg last kjørte under Alvestadkroken-bru.

prosjektlear Tønnes Frøiland ved Statens vegvesen er dette ikkje mogleg på grunn av tida det tar å prosjektera og utarbeida anbodsdokument. I tillegg kjem fristar og ankefristar i samband med sjølve utlysinga. Slik det ser ut i dag kan byggestart bli tidlegast i midten av september.

Avbøtande tiltak

Statens vegvesen hentar i desse dagar inn pris frå funksjonskontrakts entreprenør for fjerning av den gamle brua. I perioden fram til byggestart vil dagens bru bli ståande og trafikkregulerande tiltak vil bli oppretthalde. Dette

inneber at kjørebanebreidda er snevra inn og at akseltrykket er redusert til 3,5 tonn. Dette lagar hindringar for mellom anna skuleskyssen, men det finnes omkjøringsalternativ via Knarholmen.

Statens vegvesen vil i samarbeid med Bokn kommune sjå på løysingar som kan redusera ulempene i byggeperioden for den nye brua. Spesielt gjeld dette for gåande og syklende frå Austre Bokn og Alvestadkroken/Havnavegen. Det kjem meir informasjon om dette når det nærmar seg byggestart.

Omsetning av eigedomar i Bokn

Havnavegen 81 (Gnr 11, bnr 210) er solgt for kr 2.600.000 fra Bianca Mari Alvestad og Ørjan Nilsen til Lene Ognøy Foss og Trond Foss
(03.05.2012)

Lodavegen 194 (Gnr 13, bnr 11) er solgt for kr 1.500.000 fra Leif Vatnaland til Joar Vatnaland
(04.05.2012)

Vågavegen 126 (Gnr 7, bnr 31, seksjon 1) er solgt for kr 2.290.000 fra Mona Våga til Anne Tove Øvrebø
(18.05.2012)

Gnr 9, bnr 58 er solgt for kr 25.000 fra Statens Vegvesen Rogaland til Bokn kommune
(21.05.2012)

Andel av Boknatunvegen 1 (Gnr 9, bnr 132) er overdradd fra Bokn Idrettslag til Else Amalie Nilssen
(08.05.2012)

Vågavegen 126 (Gnr 7, bnr 31, seksjon 2) er solgt for kr 2.290.000 fra Mona Våga til Vegard Kvinnesland Øvrebø
(18.05.2012)

Boknatunvegen 52 (Gnr 9, bnr 151, seksjon 2) er solgt for kr 2.120.000 fra Nibe as til Liv Vatnaland og Leif Vatnaland
(23.05.2012)

Føresvikvegen 173 (Gnr 11, bnr 292) er solgt for kr 3.510.000 fra Ivan Lunde Svendsen til Jan Jung Tae Hemdorff og Vivian Mortensen
(23.05.2012)

Boknatunvegen 52 (Gnr 9, bnr 151, seksjon 1) er solgt for kr 2.120.000 fra Nibe as til Sigmund Moe
(23.05.2012)

Kjelde:
Statens kartverk



Idé - og medlemsmøte med BORK

Emilie Moi Eikje

Det vart torsdag den 07.06.2012 avholdt eit idé- og medlemsmøte med BORK. Det var godt for styret i rideklubben å sjå at så mange nytta høve til å komme til Bokn-tun.

Møtet blei opna med at leiaren i styret informerte om BORK og klubbens historie, før det vart lagt opp til at dei frammøtte skulle kome med sine tan- kar og idear.

Langturar og rideundervisning

Det viste seg at det var ønskjeleg med både arrangerte langturar med hest, telt og sekk, samt rideundervisning. Det er to veldig ulike aktivitetar, men begge er fullt moglege å gjennomføre på Bokn. Rideklubben er så heldige at Tone Bergaas meir enn gjerne ville dele sine rideerfaringar og kunnskapar med resten av klubbens medlemmer, og dermed stille opp som ridelærer for oss.

Ein håpar å kunne byrje med fast ride-

undervisning i løpet av hausten. I for- kant av dette skal klubben kartleggja erfaring og nivå hjå kvar enkelt hest og ryttar for å vite korleis ein skal leg- gje opp rideundervisninga. I tillegg til rideundervisning og arrangerte ridetu- rar vil det bli helgesamlingar der ein har fokus på ulike relevante tema.

Rideklubben håpar at med å arrangere forskjellige hesteaktivite- tar som både rideunder- visning og turridding vil ein kunne treffe breidda og mangfaldet av hesteinte- ressa på Bokn.

Styret i BORK vil nytte høve til å takke alle dei som møtte opp på Bokna- tun, og ønskje alle ein varm og solrik sumar med god høytørk.

Frå distanserittet på
Ognøy 27.08.00

Foto: Lars Morten Kro



PÅMELDING TIL BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE SKULEÅRET 2012/2013

Kulturskulen tilbyr undervisning i følgjande musikkgreiner:

• **Piano: Lærer: Venevil Birkelund.**
20 minutt pr. veke. Pris pr. halvår kr. 670,-.

• **Gitar: Lærer: Kristoffer Vincent Hansen.**
Undervisning måndag og tysdag.
20 minutt pr. veke. Pris pr. halvår kr. 670,-.

• **Band: Lærer: Kristoffer Vincent Hansen.**
Bandinstrument i gruppe.
Alder: Frå 6. klasse og oppover.
Undervisning tysdag.
60 minutt pr. veke. Pris pr. halvår kr. 530,-.

• **Boknakoret: Dirigent: Anne Tove Øvrebø.**
Alder: Frå 8. klasse og oppover.
Koret har øving tysdag kl. 18.30-20.00.
Pris pr. halvår kr. 530,-.

Søskenmoderasjon: 30 % på rimele- gaste tilbud.

**Påmeldingsfrist:
Onsdag 22. august 2012!**

Bindingstid

Påmeldinga er bindande for eit halvt skuleår (eitt semester) om gongen. Eleven får tildelt plass i kulturskulen for eitt år (haust og vår 2012/2013). Skulle ein ikkje ynskje å fortsetje i kul- turskulen til våren, må ein gi **skriftleg beskjed om utmelding til under- teikna innan 10. desember 2012.** Gir ein ikkje beskjed om utmelding, vil



ein bli fakturert også for vårsemeste- ret.

Eventuell unytta elevplass gir ikkje rett til tilbakebetaling av skulepengar.

Søknad og opptak

Dei som får tildelt plass, får melding om dette ved skulestart hausten 2012.

Då kjem også nøyaktig tidspunkt for den enkelte undervisningstime. Dersom ein ikkje skulle få plass, blir ein sett på venteliste og blir kontakta så snart det blir ledig plass.

Fint om du set ein merknad på påmel- dingsskjemaet dersom det skulle vere ein dag det ikkje passar for deg å få undervisning.

Håpar på god pågang, og at det kan bli eit fint og lærerikt år i Bokn musikk- og kulturskule.

**Med vennleg helsing
Rektor i Bokn musikk-
og kulturskule
Anne Tove Øvrebø
Tlf.: 41 68 33 44**



KULTURKALENDEREN

FORANDRINGAR/NYE ARR. ER **UTHEVA**

Juni

- 23. St. Hans feiring på Nærmiljøanlegget kl. 1800
- 24. Gudsteneste kl. 11.00
- 24. **Mosjonsdag, sjå s. 27**
- 30.-
- 06.07 Kretsleir for Vandrarar

Juli

- 07. Sommarmarknad på kaien i Føresvik
- 08. Gudsteneste kl. 12.00
- 29. Gudsteneste kl. **12.30**

August

- 17. Kino i Auditoriet
- 19. **Gudsteneste kl. 18.00, misjonssundag**
- 26. **Frilufsdag, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar, Bokn idrettslag, Bokn Røde Kors, Friskis&Svettis**
- 27. **Bibellesing på bedehuset**
- 29. **Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00**
- 30. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
- 31. Kino i Auditoriet

September

- 01. **Bokn Opp, sykkelritt - arr. Bokn idrettslag & Falkeid idrettslag**
- 02. **Gudsteneste kl. 11.00, presentasjon av konfirmantar/50 års konfirmantar**
- 02. **NMS-fest på bedehuset kl. 19.00**
- 02. **Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps**
- 09. **Normisjon på bedehuset**
- 10. **Bibellesing på bedehuset**
- 14. Kino i Auditoriet
- 16. **Gudsteneste kl. 11.00**
- 16. **Familiemøte på bedehuset kl. 16.30**
- 21. **Bedehusbasar**
- 24. **Bibellesing på bedehuset**
- 26. **Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00**
- 27. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
- 28. Kino i Auditoriet
- 29. **Kampen om Vikingskipet, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar**
- 30. **Gudsteneste kl. 11.00, hausttakkefest**

Oktober

- 03. **Basar DISM på bedehuset**

- 06. NM-Lag i Trial
- 07. **Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps**
- 08. **Bibellesing på bedehuset**
- Veke 41 **Haustferie, Bokn skule**
- 12. Kino i Auditoriet
- 14. **Gudsteneste kl. 11.00**
- 17. **Kontaktmøte kl. 19.00 på bedehuset**
- 22. **Bibellesing på bedehuset**
- 25. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
- 25. **Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00**
- 09. **Israelmisjon på bedehuset**
- 26. Kino i Auditoriet
- 27. **Auksjon på skulen, arr. Bokn musikkorps**
- 28. **ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00**

November

- 04. **Gudsteneste kl. 11.00, Allehelgenssundag**
- 05. **Bibellesing på bedehuset**
- 07. **BLEST-arrangement i Auditoriet**
- 09. Kino i Auditoriet
- 09. **Kulturkveld på bedehuset**
- 11. **Familiemøte på bedehuset kl. 16.30**
- 17. **NMS-julemesse, Tysværsvåg**
- 18. **Gudsteneste kl. 15.00, fireårsbok**
- 19. **Bibellesing på bedehuset**
- 21. **NMS-møte på bedehuset**
- 23. Kino i Auditoriet
- 25. **Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps**
- 27. **Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00**
- 29. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30

Desember

- 02. **Gudsteneste kl. 18.00, lysmesse/speidarane**
- 03. **Bibellesing på bedehuset**
- 04. **Grautfest på skulen, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar**
- 07. Kino i Auditoriet
- 09. **Luciafest, arr. Bokn musikkorps**
- 16. **Gudsteneste kl. 11.00**
- 16. **Juletreff på bedehuset kl. 15.00, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar**
- 24. **Gudsteneste kl. 14.00**
- 26. **Gudsteneste kl. 11.00**
- 28. **Juletreff på bedehuset kl. 18.00**
- 31. **Gudsteneste kl. 16.00**

Fylkesmannen si handsaming av krav om lovlegkontroll i Bokn

Jan Erik Nygaard

Bokn kommune har motteke skriv frå Fylkesmannen vedkommande handsaming av krav om lovlegkontroll.

1. Sal av næringsbygg i Knarholmen.

Fylkesmannen har handsama krav frå fem kommunestyremedlemmer om lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak av 13.12.11 knytt til sal av næringsbygg i Knarholmen.

Fylkesmannen sin konklusjon er at ein

ikkje finn at kommunestyret sitt vedtak er ulovleg og har fatta fylgjande vedtak:

«Fylkesmannen i Rogaland finn ikkje grunnlag for å oppheva Bokn kommunestyre sitt vedtak om delegering av slutføring av sal fatta 13.12.2011.»

2. Oppmoding om lovlegkontroll.

Fylkesmannen har også handsama oppmoding frå June Kro om lovleg-

kontroll av vedtak i Bokn formannskap vedkommande den såkalla «bonussaka».

Fylkesmannen sin konklusjon er fylgjande:

«Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er grunn til å ta det aktuelle vedtaket opp til lovlegkontroll.»



PÅMELDINGSSKJEMA

BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE 2012/2013

Påmelding til individualundervisning og kor.					
Set kryss i ruta under den aktiviteten du ynskjer.					
Namn på søkjar	Piano Set X	Gitar Set X	Trommer Set X	Kor Set X	Merknad (Er det t.d. ein dag det ikkje passar med undervisning?)
Søkjar 1:					
Søkjar 2:					
Søkjar 3:					
Søkjar 4:					
Søkjar 5:					

Påmelding til band. Set kryss i ruta under det instrumentet du ynskjer.					
Namn på søkjar	Piano	Trommer	Song	Gitar	Bass

Underskrift: _____
(Av føresett dersom søkjar er under 18 år)

Telefon: _____
(Dersom beskjedar skal formidlast)

Skjemaet leverer du på skulekontoret, Bokn Skule, eller på Servicetorget, Boknatun.

Påmeldingsfrist: Onsdag 22. august 2012!

Tatt i bruk

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Edgar Våge

28. mai var det var prøveopning av Tverrdalen skytebane.

Bokn skyttarlag inviterte boknarar til eit par timars skyteaktivitet på den nye banen sin, og leiar Edgar Våge var særleg fornøgd over å sjå skyteinteresserte ungdommar.

- Me ynskjer å rekruttera unge folk, og me håpar at det nye anlegget skal vera med å bidra til det.

Leirdueskyting

Skyttarlaget tok i bruk den nye leirduekastaren denne dagen, og alle som ville fekk prøva seg.

- Me vil snart arrangera ein eigen dag med berre slik skyting, og eg ser heller ikkje bort i frå faste dagar i mnd./veka med denne populære aktiviteten dersom interessa er stor nok. Dette vil me sjå an etterkvart, fortel Edgar, som forventar medlemsauke i skyttarlaget etter at det nye anlegget for alvor blir tatt i bruk.

Fortare og kjekkarer

Det var 15 stk. i aktivitet og ein familie som kom for å sjå på den nye banen denne 2. pinsedagen. Dei kunne m.a. sjå at Tverrdalen skytebane har elektroniske skyteskiver. Den tida då dei etter skyting måtte gå og samla opp restene av skyteskiva og lappa ho sa-



Skyteveteran og styremedlem i skyttarlaget, Per Helge Sunde, var også på plass på prøveopningsdagen, og kunne m.a. gleda seg over dei elektroniske skivene.

man, for å sjå kor godt dei hadde skote, er forbi. Nå står ein dataskjerm ved sida av skyttaren, som med ein gong kan sjå korleis han har skote.

- Det går fortare og då blir det kjekkarer, avsluttar ein fornøgd lagsleiar.

Etter at politiet har godkjent anlegget,



blir det offisiell opning. Bokn Bygda-blad kjem tilbake til dette.

Nordisk sølvmedalje i Maratonpadling

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Sten Olav Larsen

Boknaren Ingve Larsen gjekk nesten heilt til topps i eit nordisk meisterskap.

10. klassingen, som padlar for Tysvær Kano og Kajakklubb, stod for ein flott prestasjon då han, saman med Stian Kallekott, sikra seg sølvmedalje i k2. Dei deltok i u ungdomsklassen, og medaljen var den første i eit nordisk meisterskap i maratonpadling, som i år gjekk av stabelen 26. og 27. mai i Oslo. Fem stk. deltok frå tysværklubben, der også fleire boknarar er medlemmer.

Ellers i k2 fekk Christina Vedø gull i seniorklassen, saman med Heidi Helledal frå Flekkefjord KK, og Trygve Stauppe tok sølv, saman med Ole Jakob Beland frå Farsund KK.

Dagen før var det k1, og der fekk Christina Vedø ein sølvmedalje, medan Stian Kallekott debuterte som maratonpadlar i ungdomsklassen og fekk ein 6. plass. Trygve Stauppe var med i juniorklassen og blei nr. 5.

Maraton VM



FLOTTE PRESTASJONAR I NORDISK MEISTERSKAP: fv. Trygve Stauppe, Stian Kallekott, Cristina Vedø og Ingve Larsen.

For juniorane fungerte også dette meisterskapet som eit uttakingsstempel for Maraton-VM, som blir arrangert i Roma, Italia i september. Det endelege

uttaket skal vera klart i byrjinga av juli. Etter den sterke padlinga til Christina Vedø og Trygve Stauppe er dei med i kampen om ein plass på laget.

Holmenkollstafetten 2012

Anne Elisabet Askeland

100 % auke i innsats og deltaking gjev mykje god folkehelse!

I 2011 stilte Bokn kommune med sitt fyrste bedriftslag under Holmenkollsta-

(dei nye, spente frå i år). Laga vart også i år melde på i klassen A2: Bedriftslag, flest kvinner. I den samanheng er det viktig å leggja til at om det var flest kvinner som stilte til start så

jande etappe... Vi vann alle saman; vi vann individuelle sigrar og vi vann som lag. Og ja; mykje vil ha meir: Det gjev blod på tann å vera del av eit lag som



Boknabanden 1 og Boknabanden 2: - Vi vann – på sjarm og pågangsmot!!

Foto: Forbipasserande, Grensen Oslo.

fetten i Oslo. Det var ein spent gjeng som reiste innover, men rolege og avbalanserte som dei er, boknarane, gjekk dei på både den eine og den andre oppgåva utan å klaga og utan å sjå begrensningar. Dei som utgjorde Boknabanden i 2011 kom heim att mange erfaringar rikare. Alle var sikre i si sak: Dei skulle innover i 2012 også.

Med ei auke på heile 100 % vart det sendt melding til idrettslaget Tjalve om at 2 lag frå Bokn ville stille til start i 2012: Boknabanden 1 (dei gamle tra-varane frå i fjor) og Boknabanden 2

var mennene som såg syn på å delta saman med alle damene frå Bokn, flottare, kjekkare, sterkare og sprekare enn alle andre menn der inne..... !!

Boknabanden 1 slo Boknabanden 2 med kun 2 og ½ minutt; med andre ord: Ein strålende innsats av begge lag!! Det som er like viktig er at mange av dei som deltok under årets stafett slo eigne "rekordar": Nokre slo rekorden frå i fjor, andre overvann skepsisen til om ein ville klare å fullføre medan andre att klarte å ta steget over i ein ny, kanskje noko meir krev-

Boknabanden totalt sett, så du skal sjå at ein om mogleg stiller til start i 2013 også...?

Heilt til slutt vil ein nevna at det var flott å ha med så mange unge boknarar, til Oslo. Ja, for alle som drog innover er jo unge (!!!), men nokre av dei involverte er verkjeleg unge....

Flott, sunn, interessert, høfleg og kjekk ungdom frå Bokn framstår i aller høgaste grad som verdifulle forbilder for oss alle, uavhengig av kor "unge" vi er. Takk for laget; det var ei glede å ha dykk med!

Vegprosjekter i puslespel

Det bygges del for del,
som i et puslespel
Kryss og veier i hver krok
tilslutt dei sys i hop.
Norheim, Raglamyr og Spanne
gir Haugalandet
handelsauke, shopping iver
og midtdelar i lei
og glede over den brede veg.
Med neste del er Mjåsund fast
og det blir lettare fra sør med last,
men finalen i puslespelet blir gigantprosjektet;
-Rogfast!

Kari Hetland

Vidlonn må den ha som ventar på at "Rogfast" skal koma opp her ved regnbogen på Are. Vidlonn tyder tålmod.

Tekst: Birger Lindanger - foto: Kari Hetland



Randa Bryningsland, fødd 01.02.1915 døydde 26.05.2012.

Ho er fødd og oppvaksen på garden Erga på Orre i Klepp kommune. Foreldra var Karen og Rasmus Bøe. Ho hadde sju brør, og var den yngste i søskenflokk.

Randa jobba som tenestejente i Stavanger. Ho var først gift med Leo Herigstad. Han døydde i 1942. I 1946 flytta ho til Bokn, begynte på hermetikkfabrikken i Føresvik og gifta seg med Sverre Bryningsland. Randa blei då gardskone på Alvestad, noko ho var heilt til midten av 1990-talet.

Ho var veldig flink med hendene, både i gardsarbeidet og med handarbeid. Det gjekk i strikking, brodering, hekling og lapping av klede. Hagearbeid var også ein stor hobby.

Randa var svært omsorgsfull, hadde omsorg for alle. Besøk av barnebarn og oldebarn sette ho stor pris på.

Randa hadde jernhelse, og var også Bokns eldste då ho døydde, 97 år gamal.

Ho etterlet seg mann, son, svigerdotter, fire barnebarn og fire oldebarn.



Til Boknabandane, Holmenkollstafetten 2012:

Vi stilte ivrige til start,
Det kribla litt, spente, var litt rart.
Saman med ein heil nasjon
tok vi t-banen til rette stasjon....

"Men; dette har eg ikkje gjort før!
"Nei, men så flott: Då tennes nye glør!"
Oppgåver store som små
- saman vi på dei skal gå.

"Normal løpstid: Eitt minutt eller to...."
Eller kva med: "Tida DU anser som god?"
Eg hørde den flotte dama sa:
"Tek kontorstolen med, trillar i mål eg, trallala!"

For ho Svanhild ho ivrig stiller til start ho,
sjølv om pusten ikkje alltid er god.
Og `n Kaj hiv seg rundt og er med:
Maskoten vår, flotte guten: "Du får det te`!"

Og blant Bokns flottaste, kjekkaste jenter,
direkte fra Afghanistan: "En soldat vi inn, henter..."
Økonomisjef, vaktmester og sjef for kultur:
Dei er alle her - til Oslo på tur.

Sjef for kultur er også sjef for dei
som vi alltid ynskjer skal finna rette vei.
Borna, dei unge; framtida vår.
Gløym aldri: "Vi haustar nett slik vi sår."

Lat oss difor vera forbilder, sunne og med eit smil.
Lat oss visa borna våre at: Jo; du klarar leva livet: Mil etter mil....
Meistring, krav og prat om prestasjon
-utfordringar som aukar i omfang, ja for ein heil nasjon.

Men, no sit vi no her - og luktar rett godt gjer vi og.
Mimring allereie: "Ein kjendis eg i løypa såg!"
Vi greide dette saman, akkurat som dei fleste:
Aldri sterkare enn svakaste ledd, ei heller blant dei beste.

Kjære alle saman, ei lita helsing i frå meg:
Du gjev så mykje til alle rundt nettopp deg!
Folkhelsearbeidarar er de alle, del av ein heil nasjon.
Lat oss alltid vera der for dei som treng litt hjelp for å finna rette stasjon...

AEA 2012

Sommar

Sommar - et bistikk på armen
Sommar - ein store mangefarga is
Sommar - eg ser fram te varmen
Sommar - et morgenlandskap med dis

Sommar - ei tå sjekke tempen i vannet
Sommar - på skulderen kan du steika ett egg
Sommar - reker sprelle i spannet
Sommar - eg kjenne varmen stråle fra ein svart vegg

Sommar - eg servere grillt kull te salat
Sommar - bekymringsløs dag å natt
Sommar - regntøyet henge parat
Sommar - hylleblomstvinen e endelig satt

Sommar - maneter å høvring i garnet
Sommar - ei skosnor så røyg
Sommar - eg kjenne på det indra barnet
Sommar - eg har gløymt trekkfoglane så føyg

Sommar - krabbefangst under tare og stein
Sommar - solnedgang så lang så et halvt år
Sommar - nordavind gjennom marg og bein
Sommar - det blei i alle fall vår!

Kjetil Hamre



© kjetil hamre



Gratulerer!



Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08



Jan Inge Eide - 43 år, 13. mai.

Me vil gratulera med dagen!

Klem fra Kristin, Silje, Renate og Annelin.



June Grønnestad - 40 år, 24. mai.

Gratulere med 40 års dagen, june!
Endelig blir den spreka minstrasystå vår 40 år.

Klem



June Grønnestad - 40 år, 24. mai.

Te veslejentå i gjengen! Grattis med de 40:)

Helsing turgjengen:)



Magnus Grønnestad Alvestad - 9 år, 27. mai.

Hipp Hipp Hurra for Magnus, masse glad i deg!

Klem fra tante Irene, farmor og farfar.



Olaug Hognaland - 91 år, 28. mai.

Me vil gratulera den kjempesnille oldemor og bestemor. Til lykke med dagen, og håper du får ein fin dag!

Hilsen Odd Øyvind, Tove, Torgils og Malena.



Lene Vatnaland - 10. år, 29. mai.

Me vil gratulera den goa jentå vår med 10 års dagen, håpar at du får ein fin dag!

Klem fra mamma og pappa.



Hermine Lindanger - 10 år, 30. mai.

Gratulera så masse med 10 års dagen, kjære Hermine.

Helsing mamma, pappa, Albert, farmor og øvrig familie.



Marit Elin Våge, 31. mai.

Gratulere med dagen, Marta:)



Hanne Marte Vatnaland - 23 år, 4. juni.

Gratulera med dagen!

Hilsen mamma og pappa.



Adrian Hesthammer - 11 år, 8. juni.

Gratulere med 11 års dagen din, kjempeglad i deg!

Klem fra besten og mormor, tante Natalie og Karoline hilse og.



Simen Havikbotn - 15 år, 10. juni.

Gratulera så mye med dagen!

Klem fra mor, far, Ida og bestemor.



Albert Lindanger - 6 år, 28. juli.

Gratulerer med dagen, kjære Albert!

Helsing mamma, pappa, Hermine, farmor og øvrig familie.



STORT FRAMSIDEBILDE:

I titida søndags morgon den 27.mai 2012 med "dam dikje" i Karmsundet passerte kongeskipet Vestre Bokn på veg sørover.

Foto: Birger Lindanger

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Det er mest utruleg..

..kor mange gamle boknauttrykk som framleis er i liva og som mange veit kva betyr. Me tippar at det nok kan finnast boknaungdommar som ikkje har bruka eit trantaband eller som veit om dei har fått sansakaga til fødselsdagen. Nok ein gong var Dagsenterdamene allvetande anten det galdt orrespøder eller hodder, men med Sjukestova og Andor tett i hælane. Det endelege utfallet er difor på ingen måte gitt, mellom anna fordi også Audhild S. Alvestad og Oddbjørg B. Øye har nådd særst høge poengsummer.

Så forklaringane:

- | | |
|------------------------------|---|
| 1. eit trantaband | eit slag munnbind ein sette på dyr (gris) når dei skulle slaktast |
| 2. å vera orre | å vera "annige", oppjaga |
| 3. ei orrespøda | ein jernbolt med fjør som låser skjeke-
ne til hesteselen |
| 4. ei kluksa | høne som rugar på egg, ei verpesjuk
høne |
| 5. ein liten tvare | ein liten ein, kan brukast om både dyr
og menneske |
| 6. ei sansekaga | ein lusing, ein øyrefik |
| 7. eit kjyvle (ikkje kjevle) | eit mål for å få rett maskevidde når ein
bøtte garn |
| 8. ei hodda | eit fiskereiskap |
| 9. å fliba | å sutra, smågrina |
| 10. eit pillement | å vera usikker på noko, eit problem |

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan** 15. juli. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad
Boknatun

Resultatlista denne gongen var då fylgjande:

1. Dagsenterdamene
10 poeng
2. Andor Borgenvik
9 poeng
3. Sjukestova 9 poeng

Stå på! Ikkje gløym at når alt blir summert, ventar det både lovord og premiering.

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. å daura
2. ei stryda
3. å pulka
4. å klåra
5. ein trysk
6. å gryla
7. ei tåda
8. å fraua
9. å fryna
10. eit tele



På toppen av Boknafjellet sto det under napoleonskrigane ein såkalla optisk telegraf. I eit lite bygg ved sida budde signalstasjonsbestyraren. Blei denne masta kalla "eit tele"?



TINE Bokn/Tysvær Produsentlag



Produsentlaget heldt årssamlinga si på Soknahuset i Tysvær våg torsdag 8. mars 2012. Det hadde møtt fram 52 av laget sine 104 medlemmer. Kristi Jordbrekk frå styret i TINE Region Sør orientera om resultatata i TINE i 2011. Eit godt år.

Mjølke kvaliteten i laget er god og ligg på nivå med resten av TINE Sør. Det er likevel nokre produsentar som har utmerka seg i denne samanhengen, og desse fekk særskild påskjøning.
Våga Samdrift DA, Narevik Samdrift DA,

Solveig Øie, Bjarte Holta og Jon B. Eskevik fekk TINE SA sin plakett for å ha levert elitemjolk i minst fem av dei siste seks åra.

Johnny Are, Elly og Ottar Borgenvik og Hjørdis Våg fekk TINE SA sin plakett for å ha levert elitemjolk i minst 10 av dei 12 siste åra.

Den gjevaste utmerkinga denne kvelden vart tildelt Geir og Doris Apeland og Steinar og Gunnbjørg Nordeide. Dei har levert elitemjolk i minst 20 av dei 22 siste åra. Sjølve

20-årsplaketten vart utdelt på TINE Sør sitt regionmøte i april, men dei fekk sjølvsgagd blomster og heidrande ord på årssamlinga i laget.

Desse vart valde til Arbeidsutvalet:

Geir Apeland, Aksdal – leiar
Marit Hølland Gjedrem, Skjøldestraumen – nestleiar
Erik Øvrebø, Bokn – Genokontakt
Jarle Kaltveit, Nedstrand – 1. vara

Dagstur til Finnøy

Reidar Alvestad

Laurdag den 12.mai drog 34 boknarar på dagstur til Finnøy. Det var Bokn historielag og saualaget som sto som arrangørar.

Firmaet Ryfylke Livsgnist sto for programmet for dagen, og gaidar og underhaldarar vare Arne Nordbø og Tor Øyvind Skeiseid. Førstnemnde er bror til «han innante».

Ryfylke Trebåtbyggjeri

Første etappe gjekk i egne bilar til Arsvågen. Der var det berre å parkera



Guidane Tor Øyvind Skeiseid t.v. og Arne Nordbø t.h. er kome inn i bussen på Ladstein.

og gå på ferja. For på Mortavika sto ein av Finnøy Buss sine sjåførar og tok oss vidare til Hanasand og gjennom den undersjøiske tunnelen til Ladstein på Finnøy. Der stoppa me, slik at dei to sær humoristiske gaidane kunne presentera seg sjølv, programmet for dagen og laust og fast om Finnøy. Me

fekk alle utdelt eit godt fargelagt kart av sjølve øya og øyane rundt.

Så bar det avgarde i bussen mot Juda-berg og Finnøy Trebåtbyggjeri, med innslag av underfundige historier og treffsikre kommentarar frå vegvisarane. Til dømes korleis dei innfødde uttalar namnet på øya Fogn. Det heiter «Fågen» på finnøydialekt.

På trebåtbyggjeriet traff me på Jørn Magne Flesjå som nå arbeider på eit vikingskip. Han er svigerson til Kåre Vatnaland som bur på Finnøy, men er fødd og oppvaksen på Bokn. Jørn Magne Flesjå har bygd mange båtar, mellom anna ein kopi av utvandrarbåten «Restauration» som ligg ved kai på Judaberg. På Bokn ligg eit par eksemplar av Boknabåten (robåt) som er bygde ved Ryfylke Trebåtbyggjeri. Medan me var i båtbyggjeriet fekk me kaffi og gongkaker med smør og tomatsyltetøy. Dette syltetøyet var til salgs, og smaka svært godt.

«Vandring i bedehusland»

Etter dette besøket kjørte me til bedehuset Bethel på Judaberg, eit stort bygg liknande ei kyrkje. Her fekk me eit fyrverkeri av eit historisk tilbakeblikk av herrane Arne Nordbø og Tor Øyvind Skeiseid. Det er dette opplegget dei kallar «Vandring i bedehusland». Det omfattar eigentleg historia om bedehuskulturen i heile Rogaland, men særleg Finnøy og Ryfylke. Dei to herrane framførde bedehushistoria




Bethel på Judaberg.

dar og lydopptak frå bedehuskulturen i Ryfylke.

Matproduksjon, middag og kyrkje på høvdinggrunn

Så gjekk turen vidare til ein tomatbonde som også dyrka tidlege jordbær og dreiv med høns og eggproduksjon. Han var ein drivande kar som hadde investert stort i nye driftsbygningar. Han hadde både tidlege drivhusjordbær og tomater til salgs som det var god avsetnad på. Det var imponerende å sjå korleis denne bonden hadde satsa.

Nå var det gått fleire timar sidan me var kome til Finnøy, og middag var me jo lova. Landahuset var staden me skulle til. Eit nyoppussa tidlegare mjøl-



«Restauration» ved kai på Judaberg.



Vikingskipet er ikkje heilt ferdig. Båtbyggjar Jørn Magne Flesjå heilt t.h.

med fynd og klem, og fekk brukt all den revykunsten og humoren som dei er blitt kjende for. Ikkje så rart at «Vandring i bedehusland-turen» er blitt eit populært turmål i seinare år. I andre etasje av bedehuset var det ei museumsutstilling av bilete, gjenstan-

lager i Steinnesvåg kor den såkalla «Ryfylkekokken» sto for menyen. Me fekk ein god gryterett av kalv og diverse ingredienser som smaka veldig godt. Dessert fekk me også, og ein god del historier av vertskap og gaidar. Til slutt var det omvising i Hesby kyr-

kje, ikkje langt frå Landahuset. Kyrkja står på gamal høvdinggrunn. Det er ei langkyrkje i stein i gotisk spissbogestil. Sannsynlegvis bygd rundt 1250, men kan i fylgje Wikipedia opprinneleg ha vore i romansk stil, og bygd rundt 1100. Her måtte me tre på oss plast over fottøyet vårt når me skulle inn.

Talgje

Siste stopp var eit blomstergartneri på Talgje. Den undersjøiske tunnelen har ein avstikkar opp til denne øya, så det var berre å setja av gaidane før me kjørte ned i tunnelen ved Ladstein. Eigaren av gartneriet viste oss først rundt på Talgje, og så var det berre å varma seg og nyta blomehavet inne i gartneriet. Sjølv sagt var det fleire som kjøpte seg blomar og tomater. Her var det også kafe, og ei anna gruppe på besøk.

Dette turkonseptet kan me absolutt tilrå til andre som vil ha ei interessant og humørfylt dagsutflukt til grønne øyar. Opplegget er profesjonelt opplagd, og ein får med seg mykje historisk bakgrunn, men også eit inntrykk av korleis det er å bu på Finnøy i dag.

Hesby kyrkje



Frå Hesby kyrkje ser ein vestover mot Bokn.



Vafler, lappar, nestekjærleik og diakoni

Tekst: Greta Skorpe Elverhaug - foto: Torgils Hognaland

Onsdag 2. mai blei det liv og røre på Allrommet på Boknatun. Dei fleste av 3. klassingane kom bort på Boknatun i regi av Kyrkjenær.

Etter ein felles intro med song, "Den miskunnsame samaritan" gjennom fortelling, bilete og ein liten "filmsnutt" og litt om "Den gyldne regel", var dei alle klare for oppdraget sitt. 3. klassingane blei delte inn i tre grupper. Solveig Våga var rettleiar for dei som skulle lage kort. Eit kort dei skulle gi til dei eldre som kom på kafeen litt seinare. Simen Havikbotn, konfirmant, hjelpte og til på denne gruppa. Torgils Hognaland, konfirmant han og, var fotograf og hjelpeleiar. Sonja Mikkelsen hadde full kontroll på kjøkkenet saman med ivrige 3. klassingar som steikte deilige lappar og vafler. Leiv Våga fann fram koppar og fat saman med eit par av borna. Dei pynta fint med serviettar og blomar på borda.

Så var det tid for kafè. På Kyrkjenærkafèen kom 8-10 pensjonistar og var i lag med oss. "Alle fugler" kunne både små og store. "Fager kveldssol smiler" kunne iallfall dei som hadde passert eit visst antal år. Vaflene og lappane gjekk ned på høgkant. Leiv Våga, nett passert 70 år, fortalde frå då han var liten gut. Då var det knekorte bukser og lunka melk på skulen. Det kunne



Solveig Våga var rettleiar for dei som skulle lage kort.



På Kyrkjenærkafèen kom 8-10 pensjonistar og var i lag med oss.

vere farleg å drikke melka kald! Og rampestreker kunne ungene før i tida og!

Dei eldre som kom på kafeen fekk med seg eit fint kort som 3. klassingane hadde laga. "Det du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei" fekk borna vist denne onsdagen i mai. Forhåpentlegvis vart det ei god oppleving for både store og små på Bokn denne dagen. Diakoni handlar mellom anna om å bry seg om kvarandre, om å sjå nesten sin. Me trur at aktivitetane og Kyrkjenærkafèen blei ei god oppleving for 3. klassingane, og nokre av dei eldste på Bokn.



Leiv Våga, nett passert 70 år, fortalde frå då han var liten gut.



Hytter/Leiligheter med båt og kai plass
Uke, måned eller årsmål
Ta kontakt med
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369
Mail: atle.josang@griegseafood.com

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå 500 kr. veka
Utvendig lakkrens av bil frå 2500 kr.
Innvendig reingjering frå 500 kr.
Skinngleie frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanlegg 500 kr.

Kjell Frode 907 83 797

John Magne 909 24 964

Epost: kjellfrode75@hotmail.com



**Har du noko arbeid du skulle ha gjort,
vedlikehald, vaktmeister tenester m.m.**

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebyggd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

Takk!

*Hjertelig takk for all deltagelse og hilsener ved vår
kjære Randa Bryningsland sin bortgang, og en
stor takk til betjeningen ved Bokn sjukestove for
god omsorg og pleie.*

Familien

Annonsér i Bokn Bygdablad

**coop
marked**

COOP MARKED BOKN

**coop
marked**

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Banken sine opningstider i sommar

Fredag 29. juni er banken open frå 10.00 - 12.00

Grunna ferieavvikling i perioden 9. juli til 27. juli vil banken kun vere open i kassefunksjonen. Mandag og onsdag frå 12.00 - 14.00 og fredag frå 12.00 - 15.00

Ved andre banktenester vennligst henvend deg til kontoret i Aksdal, eller ring 02002
Viser også til våre nettsider www.sr-bank.no
Ynskjer alle ein god sommar!

Helsing May Jorunn

Bokn idrettslag inviterer til mosjonsdag 24. juni.

Det blir løp opp til toppen av Boknafjellet og tilbake frå Idrettshuset. Startavgift her er kr. 100,- dersom du melder deg på på førehand. Dette løpet har start kl. 13.00.

Kl. 10.30 er det turmarsj frå Idrettshuset. Her kostar eit startnummer kr. 50,- Gratis for barn under 12 år.

Det blir også eige barneløp kl. 12.00 for dei under 12 år. Dette gratisløpet har også start frå Idrettshuset.

Du får også kjøpt deg lapskaus, kaffi og kaker.

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris døgn	kr. 1.000,- + mva
Pris veke	kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe	kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn	kr. 400,- + mva

Kontaktpersoner:

John Magne Lie	909 24 964
Kjell Frode Lie	907 83 797

Kommunen informerer



SOMMAREN 2012

**BIBLIOTEKET ER STENGT
I TIDA:
25.JUNI - 22.JULI**

BIBLIOTEKET HAR OPE:

MÅNDAG	23.JULI	16-19
MÅNDAG	30.JULI	16-19
MÅNDAG	06.AUG.	16-19
MÅNDAG	13.AUG.	16-19

GOD SOMMAR!



Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn sokneråd

29.08	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
26.09	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
25.10	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
27.11	kl. 19.00	(Bokn bedehus)

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.
Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.
Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.

Reisevaksiner

du får alt du trenger på Bokn legekontor!

Skal dere ut på reise?

Dere kan få de aller fleste og vanligste reisevaksinene her hos oss på Bokn legekontor.

Før du kommer inn til lege får du en ca **10 minutters (gratis) gjennomgang med sykepleier** hvilke vaksiner du trenger, samt gode tips og råd for reisen. Vaksinene, som må hentes på apoteket, setter vi her på legekantoret.

Husk å gi beskjed når du bestiller time at det gjelder reisevaksiner!

Hilsen oss på Bokn legekontor

Foredrag på Allrommet 4. juni

Tekst: Henriette Lindanger - foto: Jardar Havikbotn

Mandag 4 juni var psykologspesialist Marit Johnsen fra Tysvær (bildet) på allrommet på Bokn. Der hadde hun et foredrag der tema var: engstelige og triste barn og dermed en liten bolk om hvordan håndtere grubling/ negative tan-

ker. Blant de oppmøtte var det ansatte fra barnehage, skole og helse pluss masse flotte foreldre. Til sammen ca 25 personer.

Marit ga oss en innføring i psykiske lidelser i Norge: Mellom 15-20 % av

barn og unge har til enhver tid en ned-satt funksjon pga psykiske vansker. Hun forklarte videre hva angst og depresjon er og symptomer på disse. Samtidig ble det forklart hva som er forskjell på naturlige reaksjoner og utvikling kontra når man bør være



Psykologspesialist Marit Johnsen.

ekstra oppmerksomme/ på vakt. Belastende livshendelser som kan utløse psykiske vansker kan være: skilsmisse, dødsfall/ alvorlig sykdom i nær familie, arbeidsledighet i familien, farlige situasjoner, å mislykkes på et viktig område, alvorlige konflikter med venner eller familie.

Videre var fokus på den viktige

foreldrerollen, hvordan foreldre snakker med og til barna sine, hvordan foreldre reagerer på barna sine og hvordan foreldrene er sine barns største rollemodeller. Man kan snakke med barn om alt, tilpasset deres alder. Jo mer komplekst og vanskelig noe er, desto viktigere er det å snakke med barna om det som er vanskelig. Mange barn kan ha fysiske symptomer på for eksempel angst/ depresjon, slik som uforklarlig magevondt, sønnavnsker. Dersom man har en følelse av at ting ikke er helt ok, bør man søke hjelp og råd, i stedet for å slå seg til ro med at det oftest går over av seg selv. Det er en vanlig feiloppfatning at mange tror at barna vokser AV seg psykiske vansker. Det er mer vanlig at psykiske vansker vokser seg større enn mindre dersom man ikke får hjelp for dette. Foreldre oppfordres til å ta opp slike saker enten med fastlege, lærer, førskolelærer eller helsesøster. I Bokn kommune har psykiatrisk syke-

pleier videreutdanning i kognitiv terapi (samtalemetoder der man lærer seg nye måter å se ulike situasjoner på). Helsesøster holder på med videreutdanning som går på psykisk helse hos barn og unge. Helsestasjon og psykisk helse er lavterskel tilbud og skal være lett tilgjengelige for foreldre og barn. Her kan man få råd og veiledning på hvordan hjelpe barna sine, hva som er normal utvikling og når man bør henvises til andre instanser slik som for eksempel BUP.

Når det gjelder gruppetilbud for foreldre som har engstelige barn, kan man få delta på grupper i Tysvær. Kontakt via Bokn helsestasjon.

Litteraturltips:

"Kan vi snakke med barn om alt" - Magne Raundalen og Jon-Håkon Schultz.

Småbarnstreff

Tekst: Henriette Lindanger - foto: Jardar Havikbotn

Onsdag 23. mai arrangerte helsestasjonen i samarbeid med folkehelsekoordinatoren småbarnstreff på allrommet.

Denne dagen var vi så heldige å få besøk av ernæringsfysiolog **Reidun Høines (til venstre i hvitt)** som ville ha fokus på ernæring for de minste barna.

Denne dagen var det særdeles flott vær ute, så dermed var det ikke så mange som møtte. Vi var 5-6 voksne pluss tre barn.

Reidun hadde masse nyttig informasjon å komme med. Hun forholder seg til Helsedirektoratets sine retningslinjer når det gjelder ernæring. Man blir bombardert av ulike mattips og råd daglig i media, og folk kan lett bli forvirret over all(feil)informasjon. Ernæringsfysiologer, på lik linje med alle landets helsestasjoner, gir råd og anbefalinger utifra Helsedirektoratets retningslinjer.

Reidun anbefaler alle til å spise mer grovt, mer grønt og mer fisk. I stedet for å tenke på alt man skal kutte ut fra kostholdet, bør man heller tenke hva man bør tilføre kostholdet. Variasjon er et viktig nøkkelord.

Reidun kom med masse gode og enkle hverdagstips; hvordan få barnet til å smake på ny mat, de kresne barna og



Ernæringsfysiologen hadde masse nyttig informasjon å komme med.

hvordan få et variert kosthold med enkle grep.

Dette er første småbarnstreff av fire treff i 2012 som helsestasjon/folkehelsekoordinatoren ønsker å videreføre. Vi ønsker å skape møteplasser for foreldre og barn. Helsestasjon er den offentlige arenaen som favner alle barn (fra 0-16år) og deres foreldre og er dermed ofte en naturlig møteplass. Siden helsestasjon ikke driver tradisjonelle barselsgrupper pga små fødselskull, har vi valgt å invitere alle småbarn med foresatte til et småbarns-

treff, aldersgruppen 0-3 år. Poenget er å skape en møteplass der man kan få kunnskap om ulike temaer som angår småbarn samt sosialt samvær.

Neste småbarnstreff blir 18 juni kl 10 på allrommet der tema er:

Ut på tur, aldri sur. Solbeskyttelse, feriemage etc. Vel møtt!

Ved spørsmål: kontakt helsesøster Henriette: 52 75 25 43 / 93851409.

Friluftssuke i barnehagen 21. til 27. mars

Anne Ottem

Etter den vellykka uka i høst ville vi gjenta suksessen, og alle gledet seg til dette prosjektet.

Uteliv blir bare mer og mer morsomt ettersom vi praktiserer, og også lærer hva som fungerer for barna. Denne gangen var vi nok litt bedre forberedt, og alle praktiske ting var på plass i god tid.

Basene var: Nærmiljøanlegget, Turstien, Trollbuå, og Barnehagen – (for de minste) De voksne byttet en dag på basene denne gangen, og på forhånd ble vi enige om at hver ansvarlige voksne skulle lese et utvalgt eventyr. Barna var på tur til forskjellige baser fra dag til dag, og dermed fikk de høre forskjellige eventyr. Det ble laget varm mat på alle plassene, og som forrige gang var de eldste barna flinke til å hjelpe de små. Det blir en positiv opplevelse når store og små blandes på tvers av de to gruppene... og en blir bedre kjent med hverandre. Og vi var knallheldige med været, det regnet litt bare en av dagene....

På den gruppa som var i barnehagen, ble det arrangert snekkerverksted som var veldig populært. På forhånd hadde Erik Våga saget til båtemner, og det ble jobbet iherdig med spiker og hammer.

På den siste dagen var alle tilbake i barnehagen ca. 13.30, og uka ble avsluttet med teaterforestilling ute – "Bukkene Bruse på vei til badeland" – og etterpå fikk vi grillspyd med forskjellig frukt på. Kjekk avslutning på ei flott uke.



Øverst til venstre: Det er koselig å samles under trærne til eventyrløsing.

Foto: Barnehagen

Øverst til høyre: - Vi har laget fine båter...

Foto: Barnehagen

Nederst: De voksne viser sine skuespillertalenter....


Foto: Jardar Havikbotn

Forslag til reguleringsplan for Føresvikvegen

Med hjemmel i Plan og bygningslovens §12-10 vedtok forvaltningsstyret i møte den 23 mai 2012 å legge ut til offentlig ettersyn forslag til reguleringsplan for Føresvikvegen fra E39 frem til gnr.9 bnr.5 ca. 200m sør for krysset til Boknatun.

Formålet med planen er å regulere for breddeutvidelse til 2 felts veg i tillegg til ensidig fortau langs østsiden av traseen. Krysset mellom Føresvikvegen og Alvestadkroken foreslås bygd om til T-kryss.

Planen er lagt ut til gjennomsyn i servicetorget på Boknatun og



dokumentene er tilgjengelig elektronisk på kommunen sin hjemmeside www.bokn.kommune.no

Grunneiere og andre som blir direkte berørt vil bli varslet med eget brev. **Merknader til planen sendes Bokn kommune, 5561 Bokn eller til**

post@bokn.kommune.no innen den

10. august 2012.

Med hilsen
Hans Faye
aealplanlegger

Forsikring handler om trygghet

Gode opplevelser på ferie og i fritiden

Hva er vel bedre enn gode ferie og fritidsopplevelser? En god forsikring er med på å skape trygghet på hele reisen.

Topp reiseforsikring gjelder fra du forlater huset

Med topp reiseforsikring får du dekket alle typer reiser året rundt, og vi stiller ingen krav til overnatting eller flyreise.

Du kan velge mellom Standard og Topp reiseforsikring.

Avbestillingsforsikring er inkludert i begge.



www.sr-bank.no



God sommer

HÅRSMIÅ

Velkommen til Hårsmiå

Åpent hver dag og utover kvelden
for de som vil komme
etter arbeidstid.

Sommerferie fra 14. juli. Starter
opp igjen fredag 17. august.

Ønsker alle en flott sommer.

Vennlig hilsen

Mona på
Hårsmiå
52 74 86 47-
46 44 29 20



PAUL MITCHELL
LUXURY HAIR CARE

Frisørrømmet på Boknatun
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:
kl. 09-16
Partallsuker:
fleksible
åpningstider

GOLDWELL

Sommeråpent, men har stengt
mandager og fredager i uke 27-31

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Unn A. Mustaparta - leiar

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar,
tysdagar og onsdagar kl. 08.00 - 15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil
46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet
mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40
41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helse-
stasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

**Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje
veke** - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte
kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN TANNKLINIKK

**Bokn tannklinikk tar nå imot nye
vaksne pasientar.**

Kontortid
tysdagar kl. 08.30 - 15.10
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via
Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt
onsdagar i partallsveker.
Åpningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring
Bokn Legevakt 52 74 85 22
(heile døgnet).**

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS,
sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig
kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

BOKN FOTTERAPI

Onsdag kl. 08.15 - 12.30
Torsdag kl. 08.15 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl.
08.00 - 12.00

Direkte nummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler ekskl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no



Bokn bibliotek

Åpningstider:

Mån. 16 - 19 Ons. 16 - 19
Tys. 10 - 13.30 Tors. 10.- 13.30

Prøv ein annonse i Bokn Bygdablad

Åpen dag

i garasjen hos Bokn gatebilkubb

Hanne Marte Vatnaland

Onsdag ettermiddag 30. mai arrangerte Bokn gatebilkubb åpen dag i garasjen sin på Kyrkjebygd.

Hensikten var å trekke nysgjerrige besøkende og gjøre flere kjent med hva Bokn gatebilkubb er og gjør, etter tilfeller med negativ omtale tidligere i år. Av gjengen som møtte på Kyrkjebygd var likevel flertallet medlemmer av klubben. «Jeg må jo si jeg er noe skuffet over oppmøtet, og skulle gjerne sett at flere foreldre kom en tur oppom,» sier styreleder Odd Kenneth Tollaksen. Han trives godt med ansvaret han har hatt i 3 år, og sier han sa ja den gang fordi det skjer ingenting, om ingen gjør noe selv.

Klubben har 36 medlemmer fra Bokn i alderen 16-61 år, og sier de gjerne skulle sett at flere jenter meldte seg inn. Klubben får sine inntekter gjennom medlemsavgift, kulturmidler, Frifond og Grasrotandelen, og sier kommunen har vært behjelpelige og gode samarbeidspartnere.

På spørsmål om råkjøring oppfordrer styreleder folk til å ta kontakt med de enkeltindividene dette gjelder. «Det er noe som gjelder for enkelte, og ikke noe vi vil at klubben skal assosieres med. Det er opp til den enkelte sjåfør, ung eller gammel, å ha rett innstilling og følge veitrafikklovene når man setter seg bak rattet.» Han viser til at klubben har kalt inn til møter hvor de har tatt opp problemer eller dårlige trender som måtte oppstå.

«**Nesten hver dag,**» svarer ett av medlemmene på spørsmålet om hvor ofte de er her oppe. Alle er enige i at det beste med bilklubben er det sosiale samværet. «Det er ikke alltid det blir gjort så mye,» ler ett annet medlem, men det ligger i alle fall godt til rette for det på klubbhuset, med mye utstyr og varmepumpe slik at medlemmene kan skru uten å fryse fingrene av seg på kalde dager. «Medlemmene er veldig flinke til å ta godt vare på utstyret, og det var kun i oppstarten vi hadde små problemer med det.» Sier Odd Kenneth Tollaksen fornøyd.

Gatebilkubbens medlemmer blir å se som løypevakter både på mosjonsdagen «Bokn opp-ned» 24. juni og sykkelrittet «Bokn opp» 1. september.



5 på
«åpen
dag»

- Kva skal du
i sommar?

Hanne M. Vatnaland

Eirik Nedrebø (21):

Eg skal jobbe halve sommaren på sjøen, og når eg har fri vert det sikkert nokre festivalar som Countryfestivalen og gatebilfestivalen. Eg har eit bilprosjekt å jobbe med om arbeidslysta skulle melde seg, og elles skal eg gjere nokre spillejobbar i sommar saman med The Kvednabekkjers!



Kjell Frode Lie og Eiril Wahlgren Lie:

Det vert nok ein campingtur, så får vi sjå det an kor turen går hen. I tillegg skal me til Kviteseid på kanalbåttur gjennom slusene der. Eiril skal dessutan på tur til Danmark, og der skal ho bade sjølv om ho allereie har bada på Grindafjord camping; «Men det var ikkje kaldt!»



Alexander Hansen (20):

Det vert ein del jobbing, og eg skal ta fagprøva som matros i sommar. Elles vert det alltid nokre festivalar og kanskje andre turar, og tek det litt etter kvart.



Didrik Jansen Alvestad (21):

Eg skal i alle fall på gatebilfestival, så skal eg jo flytte til Dagsland. Elles skal eg ha fri og slappe av, og kanskje reiser eg ein tur til syden i slutten av sommaren?



Konrad Nilssen (16)

Eg har sommarjobb som avløysar i Loten, så det vert en del jobbing. Om det vert noko tur, tek eg som det kjem. Eg skal i alle fall ha fri og vere med vener på Bokn.

